
MØTEPROTOKOLL

Utval: Styret for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 10.06.2020
Tidsramme: kl 10:00-15:30
Sted: Møterom Storhornet, adm.bygget, Ålesund sjukehus (tilhører på Skype)
Saksnr.: 43/20 - 57/20
Arkivsak: 2020/75

Møteleiar:

Ingve Theodorsen

Møtande medlemmer:

Lodve Solholm
Toril Forbord
Gerd Marit Langøy
Bjarne Storset
Anette Lekve
Sigurd Torvik Heian
Hilde Furnes Johannessen

Frå brukarutvalet møte:

Paula Næss Skår
Asle John Giske

Forfall:

Ingen

Frå administrasjonen møte:

Administrerande direktør Øyvind Bakke
Rådgivar Marianne Gravem (styresekretær)

Styreleiar innleia møtet med å ønske velkommen til styremøtet. Har i dag fleire krevjande og viktige saker og det er berre tre veker sidan førre styremøte og administrasjonen har jobba godt med gode styresaker. Styreleiar fortel om at det har vore eit møte med Gass-ROR og dei pengane som blei lova bort i media for ei tid sida. Summen er krympe betydeleg sidan sist, men det er no på plass ei intensjonsavtale om at eit økonomisk bidrag skal bidra til innkjøp av medisinteknisk utstyr.

Sak 43/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 44/20 Orientering frå administrerende direktør

Styret fekk følgjande orienteringar:

- Arbeidsmiljøprisen til medisinsk biokjemi ved Molde sjukehus
- Kva er viktig for deg – dagen
- Videokonsultasjons-møterom ved Molde sjukehus, kor pasientar kan snakke med for eksempel spesialist ved St. Olavs. Skal etablere same type rom på deg andre sjukehusa også.
- Status korona og aktivitet
- Planlegging av ferieavvikling
- Status aktivitet videokonsultasjoner
- Fødetilbod HMR – Nordmøre og Romsdal

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringane til vitende.

Sak 45/20 Tilråding optimalisert forprosjekt for Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR)

Styret fikk en presentasjon av Johan Arnt Vatnan (Skype), Knut Ragnar Heimdal og Ketil Gaupset.

Vedtak:

- 1) Styret vil gje ros til alle aktørar som har delteke i arbeidet med å optimalisere den delen av Forprosjektet som omhandlar akuttsjukehuset på Hjelset.
- 2) Styret godkjenner optimaliseringa som er gjennomført og at prosjektet går vidare med Funksjonsprosjekt og detaljprosjektering av akuttsjukehuset på Hjelset
- 3) Styret held fast på styringsramma for prosjektet på 4 590 MNOK (januar 2020-kroner)
- 4) Basert på Helse Møre og Romsdal si utfordring med samla økonomiske berekraft, ber styret om at adm. dir. sikrar at det blir arbeidd systematisk med aktivitetar og tiltak for å bringe prognosen i tråd med styringsramma for prosjektet, utan å endre vedtekne funksjonar og kapasitet.
- 5) Styret ber om å få framlagt ei sak om vidareutviklinga av spesialisthelsetenestetilbodet i DMS-prosjektet, som inkluderer ei framdriftsplan for arbeidet med oppgradering av SNR-areala i Kristiansund innan mai 2021.
- 6) Styret ber adm. dir. om å halde styret jamleg informert om det vidare arbeidet.

Sak 46/20 Orienteringssak – Helseplattformen

Styret fekk ein presentasjon av Henrik Erdal om status Helseplattformen.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

Sak 47/20 Orienteringssak – Forbettringshistorie med fokus på kvalitet og pasientsikkerheit

Styret fekk ein presentasjon av overlege i mikrobiologi og avd.-sjef avdeling for mikrobiologi HMR Einar Nilsen, om covid-19, «Ved slutten på starten».

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

Sak 48/20 Referatsaker (utan saksframlegg)

Styret har motteke følgjande referatsaker:

- Protokoll HMN RHF 19.05.2020
- Protokoll frå AMU-møte 08.06.2020
- Protokoll frå Brukarutvalsmøte 08.06.2020
- Protokoll Overordna samhandlingsutval 20.05.2020

Sak 49/20 Statusrapport 1. tertial 2020 – kvalitet, økonomi, aktivitet – vurdering av underliggende drift

Styret fekk ein presentasjon av økonomidirektør Heidi Nilsen. Kostnader knytt til covid-19 blei også presentert samt at ein fekk eit estimat på korleis den økonomiske situasjonen kunne ha sett ut dersom covid-19-situasjonen ikkje hadde vore tilstade.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek statusrapporten for 1. tertial 2020 til vitende.

Sak 50/20 Risiko og sårbarheitsanalysar langtidsbudsjettet (LTB) – del 2, herunder sal av eigeidom

Økonomidirektør Heidi Nilsen tok ein gjennomgang av dei vurderingar som ligg føre per dags dato.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek saka om langtidsbudsjettet til vitende.

Sak 51/20 Utvikling av rehabiliteringstenesta i Møre og Romsdal

Klinikkjef for kreftbehandling og rehabilitering Jorun Bøyum presenterte arbeidet og funna knytta til rehabiliteringsprosjektet og den utarbeidde rapporten.

Vedtak:

- 1) Styret i Helse Møre og Romsdal tek rapporten «Utvikling av rehabiliteringstenesten i Møre og Romsdal» datert 01.06.2020 til vitande.
- 2) Styret vedtek å sende rapporten «Utvikling av rehabiliteringstenestene i Møre og Romsdal» datert 01.06.20 på høyring i kommunane, internt i helseføretaket og andre aktuelle høyringsinstansar.
- 3) Styret ber adm. direktør legge fram ei sak høsten 2020 vedr. framtidig samarbeids- og driftsmodell for Aure og Mork rehabiliteringssenter.

Sak 52/20 Heilskapleg prosjektplan – OU SNR

Adm. direktør Øyvind Bakke presenterte saka for styret.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal tek saken til orientering og ber administrerande direktør legge fram den heilskaplege prosjektplanen for alle fagområda innan oktober 2020.

Sak 53/20 Strategi og handlingsplan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2023

Styret fekk ein presentasjon av rådgivar Caroline Austdal der ho tok styret gjennom plana og viste til det arbeidet styret sjølv bidrog med på styreseminaret i november 2019.

Vedtak:

- 1) Styret stiller seg bak strategi og handlingsplan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2023
- 2) Styret vil ta ei aktiv rolle i etterleving og oppfølging av tiltak, og ber administrerande direktør jamleg rapportere på relevante indikatorar

Sak 54/20 Forskings- og innovasjonsmeldinga for Helse Møre og Romsdal HF 2019

Styret fekk ein presentasjon av forskingssjef Berit K. Teige om forskingsmeldinga. Det blei gjeve ei kort orientering om status og kva ein ser føre seg som vegen vidare.

Vedtak:

- 1) Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek Forskings- og innovasjonsmeldinga for HMR HF 2019 til vitande.
- 2) Forskings- og innovasjonsmeldinga viser ei positiv utvikling for føretaket, og styret vil gje ros for den innsatsen som er gjort i 2019

Sak 55/20 Investeringsgodkjenning – ny straumforsyning Ålesund sjukehus

Styreleiar innleier saka med at denne saka inneheld anbodsensitive opplysningar som kan krevje at vi lukkar møtet. Første del av presentasjonen går for opne dører, men dersom styret deretter har behov for å diskutere saksopplysningar som er unnateke offentlegheita, så vil styret lukka møtet. Styret er einig i dette.

Økonomidirektør Heidi Nilsen presenterer saka for styret.

Styret har ikkje behov for å diskutere anbodsensitive opplysningar og behandlinga av styresaka går føre seg utan å lukke møtet.

Vedtak:

- 1) Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner oppstart av prosjektet «*Ny straumforsyning*». Prosjektet skal gjennomførast i perioden 2020-2022 og innanfor den totale kostnadsramme (P85).
- 2) Styret for Helse Møre og Romsdal HF føreset at investeringa blir finansiert av lånemidlar som tidlegare er løyvd til bygningsmessig utviklingsplan.
- 3) Styret ber adm.direktør sende over saka til Helse Midt-Norge RHF for endeleg godkjenning, jf. *Reglement for bygge- og eigedomsverksemda i HMN*.

Sak 56/20 Rehabilitering av fasadane ved Ålesund sjukehus – Fase 3

Styreleiar innleier saka med at denne saka inneheld anbodsensitive opplysningar som kan krevje at vi lukkar møtet. Første del av presentasjonen går for opne dører, men dersom styret deretter har behov for å diskutere saksopplysningar som er unnateke offentlegheita, så vil styret lukka møtet. Styret er einig i dette.

Økonomidirektør Heidi Nilsen presenterte saka for styret. Eit bilete av sjukehuset på korleis den nye fasaden no utformer seg, blei vist på skjerm. Fase tre vil no ta føre seg fase 3 som gjeld dei eldre bygga i tilknytning til hovudbygget som står igjen av rehabiliteringsprosjektet.

Styret har ikkje behov for å diskutere anbodsensitive opplysningar og behandlinga av styresaka går føre seg utan å lukke møtet.

Vedtak:

- 1) Styret for Helse Møre og Romsdal vedtek å gå vidare med fase 3 av rehabilitering av fasaden med ei total kostnadsramme på (unntatt off.) (P 85)
- 2) Styret for Helse Møre og Romsdal ber adm. direktør om å gjennomføre ei usikkerheitsanalyse knytt til prosjektet. Dersom det er vesentleg avvik knytt til estimatet ber styret om at saka kjem tilbake til styret i august.
- 3) Styret ber adm.direktør sende over saka til Helse Midt-Norge RHF for endeleg godkjenning, jf. *Reglement for bygge- og eigedomsverksemda i HMN*.
- 4) Styret i Helse Møre og Romsdal HF ber om at det blir sendt ein lånesøknad på (unntatt off.) til Helse Midt-Norge RHF for å finansiere fase 3 for rehabilitering av fasadane ved Ålesund sjukehus.

Sak 57/20**Godkjenning av protokoll 5/2020 – styremøte 10.06.2020****Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 10.06.2020.

Ingve Theodorsen
styreleiarLodve Solholm
nestleiar

Toril Forbord

Gerd Marit Langøy

Bjarne Storset

Anette Lekve

Sigurd Torvik Heian

Hilde Furnes Johannessen